

Søknad om ferdigattest

Arbeidet med om- og påbygging av Paradisvegen 2 på Skjelanger vart avslutta fredag 11.02.2022 då firmaet Hagewick Bygg AS utførte sluttarbeid på taket etter at stålpiper for peisovn var installert.

Kort beskrivelse

Arbeidet er utført av lokale firma og leverandører der byggmester Hagewick har framskaffa dei fleste av underleverandørane og hatt ei koordinerande rolle.

I tillegg til firma som er oppført i Gjennomføringsplan, har KG Elektro utført all elektroinstallasjon, Bruknapp Betong levert betong og XL Bygg på Frekhaug levert nær alt av byggemateriell.

Det meste av innvendig arbeid som legging av parkett, panel på vegger og tak, sparkling og maling og montering av kjøken, er utført som eigeninnsats.

Gjenbruk og TEK 17 krav

I den gjenstående del av hytta, som primært er stova (mellom punkta 4, 5, 6 og 7 på Vedlegg 1), er det påført ny vindsperre, kledning, og nye takpanner. Det vart installert nye vindauge i 2016, og ny terrassedør i 2017 som alle tilfredsstiller energikrava i TEK 17.

Det er ikkje etterisolert i den delen. Som kompensasjon for TEK 17 krav er heile det nye takarealet isolert med 10cm ekstra isolasjon i forhold til TEK 17 krava.

To vindauge som var montert i tidlegare soverom i 2016 er gjenbrukt i hhv kjøken og bad.

Det er montert radon folie under parkett i heile den «gamle» delen i tillegg til at radon krav er ivaretatt i den «nye» delen.

Vedlegg:

1. Plassering av hytte og påbygg
2. Søknad om ferdigattest skjema
3. Oppdatert informasjon
4. G1 – Gjennomføringsplan vedlagt komplett liste med skjema for ansvarsrett
5. G2 – Erklæring for sjølvbyggjar
6. K1 – Sluttrapport for avfall
7. Samsvarserklæring

For informasjon og avtale om eventuell befaring, kontakt underteikna på tel 91113216.



Torstein Røssland

Tel: 91113216

e-post: reoessland@gmail.com